



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
4. DESEMBER 2020 KL. 08.30, TEAMS**

Desse deltok på Teams:

Morten Storebø, Austevoll kommune
Sammy Olsen, Bømlo kommune
Kjetil Aga Gjørseter, Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune
Bjørn Tollefsen, Etne kommune
Harald Rydland, Fitjar kommune
Olaug Haugen, Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold, Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune
Gaute Epland, Stord kommune
Magnus Mjør, Stord kommune
Linn Therese Erve, Sveio kommune
Jostein Førre, Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune
Steinar Dalland, Tysnes kommune

Observatører:

Arne-Christian Mohn, Haugesund kommune

Administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust
Anne Almås Tranøy

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune

Då var føre:

Sak 49 /20 Godkjenning av referat frå 16. oktober d.å.
Sak 50/20 Møteplan 2021
Sak 51/20 Etablering av kontaktutval for E39 gjennom Vestland fylke
Sak 52/20 Skriv og meldingar

- a) Felles tiltak for regionen ifm. Covid-19
- b) Partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune
- c) Utgreiing fylkestilknytning
- d) Prosjektorientering

Sak 53/20 Ymse

Sunnhordland, 14. desember 2020

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
4. DESEMBER 2020 KL. 08.30, TEAMS**

Sak 49 /20 **Godkjenning av referat frå 16. oktober d.å.**

VEDTAK:

Samrøystes vedteke

Sak 50/20 **Møteplan 2021**

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet godkjenner forslag til møteplan for 2021

På møtet:

Administrasjonen vart i møte bedt om å allereie no sende ut innkalling via Outlook til møta i planen slik at datoane kan bli sett av.

VEDTAK:

Møteplan for 2021 samrøystes vedteke.

Administrasjonen sender ut invitasjon til samtlege møter for 2021 i Outlook.

Sak 51/20 **Etablering av kontaktutval for E39 gjennom Vestland fylke**

Framlegg til vedtak:

Administrasjonen tilrår at ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune, representera Samarbeidsrådet for Sunnhordland i Vestland fylkeskommune sitt kontaktutval for E39 gjennom Vestland fylke, med ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune, som vararepresentant.

På møtet:

Administrasjonen orienterte om nytt skriv frå fylkesordførar Jon Askeland, kor han utset møte til hausten 2021, med bakgrunn i at kontaktutvalet for Sogn og Fjordane ønskjer å avvente initiativet om etablering av eit felles kontaktutval for Vestland, til etter vedtak av NTP 2022-2033 i Stortinget. Det vert møte i kontaktutval for Hordfast/E39 gjennom Hordaland på det planlagde tidspunktet fredag 11. desember kl. 9-11. Inviterte deltakarar vil vere ordførarane i dei direkte berørte kommunane til traseen og aktuelle næringsråd. Det er sendt ut eiga innkalling frå Vestland fylkeskommune til dette møtet.

På bakgrunn av at etablering av felles kontaktutval for tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland er flytta til hausten 2021, så fremma ordførar Mette Heidi B. Ekrheim å trekke saka no, og ta den opp igjen ved ny invitasjon frå Vestland fylkeskommune.

Det blei og drøfta i møte at AU ikkje skal fatte vedtak i slike saker, og at administrasjonen legg fram denne type saker utan innstilling i forkant av rådsmøta.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak å utsette val av representant frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland i Vestland fylkeskommune sitt kontaktutval for E39 gjennom Vestland fylke. For framtida skal AU ikkje fatta vedtak i denne type saker og administrasjonen skal legge saker av denne karakter, fram utan innstilling.

Sak 52/20 Skriv og meldingar

a) Felles tiltak for regionen ifm. Covid-19

I AU 20. november vart det drøfta felles tiltak for regionen ifm. Covid-19. Det vart t.d. spelt inn at det er viktig med samordning mellom kommunane slik at ein kan gjere nytte av kvarandre og gjerne ha like tiltak for dei kommunane som ligg tettast. Smittevernlegane er viktige ressursar i dette arbeidet. Rådmenna/kommunedirektørane i Sunnhordland tek saka vidare.

b) Partnerskapsavtalen med Vestland fylkeskommune:

Styreleiar og dagleg leiar, er saman med dei andre regionråda i Vestland fylkeskommune, i dialog med Vestland fylkeskommune, om korleis eit framtidig samarbeid skal sjå ut. Vestland fylkeskommune har og kopla inn KS til å gjere ei vurdering. Den 18. september 2020 hadde alle sju regionråda møte med fylkesordførar og fylkesrådmann, etter initiativ frå regionråda. Den 30. september vart møte følgt opp med eit formelt brev, stila til fylkesrådmann og fylkesordførar, med fylkesdirektør for strategisk utvikling/digitalisering og fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling på kopi.

Regionråda har ikkje mottatt noko svar på brevet, som utfordra fylkeskommunen på kva me kan gjera for dei. Regionråda vil vera ein aktør og kommunane meiner regionråda har ei viktig rolle i samspelet med fylkeskommunen. Eit samarbeid som fylkesordføraren og understreka viktigheita og nytta av. Å forhalda seg til 43 ulike kommunar til ei kvar tid kan bli svært utfordrande.

Regionråda ynskjer ein møteplass, tilsvarande den regionråda i tidlegare Hordaland fylke hadde med Hordaland fylkeskommune. Der var også dei store kommunane invitert. Ein viktig møteplass, som gjer prosessar transparente. Det er eit strakstiltak me håpar kan opprettast igjen. No for heile Vestland fylke.

Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet den 11.11.2020 (Saksnr: 2020/76576-1), at så snart Vlfk og KS har fått skissert eller avklart ein framtidig regionrådsstruktur, vil KS og VLFK invitere til ei samling for kommunane /regionråda for å diskutere regionråda si rolle som samarbeidsarena, herunder eventuell bruk av partnerskapsavtalar. Dette blir truleg på nyåret 2021, men er avhengig av framdrift i prosessen. Fylkesrådmannen skriv vidare at han vil greie ut og vurdere ei ordning med driftsstøtte til regionråda og kome attende med dette som ei politisk sak i løpet av første halvår 2021. Ei slik ordning føreset at ei tenleg struktur er på plass og at vi har rammer for ei likebehandling av alle regionråda. Ordninga bør som utgangspunkt rettast inn som ei søkbar pott avsett i budsjettet for 2021, eventuelt frå 2022 avhengig av framdrift og økonomiske rammer. Driftsstøtte til regionråda er pt ikkje innarbeidd i budsjett 2021.

c) Utgreiing fylkestilknytning

Med bakgrunn i vedtaka som er lista opp under, det fyrste av Fylkesutvalet i Vestland og det andre av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, så er fylkesrådmann invitert til møte med Samarbeidsrådet for Sunnhordland 29. januar kl.12.00. Då er det gått eitt år sidan endring av fylkesgrensene, og me vurderer det som eit godt tidspunkt å

starte prosessen med å evaluere Vestland fylkeskommune sitt bidrag til attraktive tenester og regional utvikling i Sunnhordland.

- **Sveio kommune søkte tidlegare i år Vestland fylkeskommune om tilskot til utgreiing om fylkestilknytning. Den 29. september 2020 vart følgande innstillinga frå Fylkesutvalet samrøystes vedteke:**

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020
Avrøysting Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til endring av fylkesgrensene, iverksett frå 1.1.2020, og meiner det vil vere for tidleg å vurdere Vestland fylkeskommune sitt bidrag til attraktive tenester og regional utvikling i Sveio og andre kommunar i Sunnhordland. Fylkesutvalet vil derfor ikkje i denne omgang imøtekomme søknaden frå Sveio kommune om medfinansiering av utgreiingskostnader for framtidig fylkestilknytning.
 2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland for å vurdere moglege kortsiktige og langsiktige tiltak og satsing med betydning for kommunane i denne delen av fylket.
- **I møte til Samarbeidsrådet for Sunnhordland den 5. juni 2020, blei punkta under samrøystes vedtatt:**
 1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.
 2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke. Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.
 3. Ut i frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdere ny fylkestilknytning.
 4. Administrasjon legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september

d) **Prosjektorientering**

- Bussen i Sunnhordland
Behovet for kartlegging av ruter og behovsanalyse er i denne fasen det viktigaste for prosjektet, for å kunne førebu seg til Vestland fylke sin neste anbudsrunde i 2023. Administrasjonen tilrår at å søke omdisponering av midlane som er blitt tildelt av Vestland fylkeskommune til å dekke ei slik kartlegging, samt ein behovsanalyse.

Det er frå Stord kommune komme inn forslag til at prosjektet får nytt namn, som til dømes Den blå bybane. Dette er eit meir innarbeid begrep i media og politikken. Administrasjonen legg fram ulike forslag til endringar av namn på prosjektet, som Samarbeidsrådet for Sunnhordland kan stemme over ved neste møte.

VEDTAK:

Samarbeidsrådet bed administrasjonen søkje Vestland fylkeskommune om om disponering av tildelte midlar i prosjektet til å gjelde kartlegging av ruter og behovsanalyse. Administrasjonen legg og fram ei liste over forslag på namneendringar til neste møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

- **Bu i Sunnhordland/Sunnhordlandstreffet:**
Sunnhordlandstreffet var tenkt 18. desember, men styringsgruppa til Bu i Sunnhordland har vedteke å utsette møte til 7. januar 2021 kl17.30. Det blir eit 1-1,5 times Teams webinar, kor dei ulike medlemsbedriftene presenterar seg via ein 2 minuttis førehandsinnspelt pitch. Sveio ordførar Linn Therese Erve presenterar kommunane, og det vil bli live-intervju med to personar som nyleg har flytta til Sunnhordland for å jobba.
- **Morgondagens omsorg**
Morgondagens omsorg er eit mogleg samarbeidsprosjekt mellom Sunnhordland og Hauglandet. Stord kommune, Sveio kommune og Karmøy kommune har takka ja til å være med å kartlegge det moglege samarbeidet på tvers av regionane. På dette tidspunkt ser ein for seg eit tverrfagleg studentprosjekt etter Haugaland Vekst sin Sildikon Valley metode, kor studentane jobbar 6 veker med innovative og konkrete problemstillingar for oppdragsgjevar, som i dette tilfelle er innan helse og omsorgs sektoren, då med kommunane som arbeidsgjevar, helst i samarbeid med HVL og Helse Fonna. Oppstartsmøte 10. desember 2020.
- **Geopark Sunnhordland**
Geopark Sunnhordland har mottatt kr 200.000,- frå Bømlo kommune til skilting av geoparken. Det er eit krav om god skilting for å kunne søke UNESCO status.

Det kom innspel frå ordførar Hans Inge Myrvold, Kvinnherad om sak til neste møte om vidare arbeid i prosjektet der AU legg fram forslag til korleis arbeidet skal takast vidare i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, samt vidare arbeid opp mot Vestland fylkeskommune.
- **Berekraftig reisemål**
Innbyggjarundersøking i Sunnhordland og Hytte- og fritidsundersøking for Sunnhordland skal sendast ut i nær framtid der ein ynskjer å nytte kommunane sine digitale sider for distribusjon av undersøkingane.

Sak 53/20 **Ymse**

a) Bjørnefjorden kommune – observatør

Fusa kommune var observatør i Samarbeidsrådet før kommunesamanslåinga. Det vart i møte stilt spørsmål om Bjørnefjorden kommune er blitt kontakta i forhold til

observatør i Samarbeidsrådet. Administrasjonen orienterte om at det var sendt invitasjon, men at det ikkje er registrert tilbakemelding på denne. Administrasjonen følg opp invitasjonen som er sendt tidlegare vedr. observatørstatus for Bjørnefjorden kommune.

b) Prosjekt Forhindre forsøpling

Det vart i møte etterspurd status i prosjekt Forhindre forsøpling. Administrasjonen orienterte om avslag i søknaden som var sendt til Vestland fylkeskommune. Samarbeidsrådet ønskjer at prosjektet vert tatt opp som eiga sak i neste møte i AU og Samarbeidsrådet. Administrasjonen arbeidar i mellomtida vidare med moglegheita for å søke støtte i SIM Miljøfond og GNIST. Sistnemnte eit nytt innovasjonsprogram for stad og næringsutvikling i lokalsamfunn.

c) Prosjekt Attraksjon Sunnhordland

Ordførar Harald Rydland, Fitjar kommune informerte om at Fitjar kommune har gått inn med kr. 150 000,- til prosjektet og oppmodar alle kommunane i Samarbeidsrådet til å støtta prosjektet med midlar.

d) Scenarioanalyse Vestland fylke

Stord Næringsråd har med bakgrunn i Vestland scenarioanalyse, spelt inn si bekymring i forhold til utvikling av nettkapasitet i regionen, og etterlyser kommunale planer for denne utviklinga. Det kom fram på møte at dette er ei konkret problemstilling for fleire kommunar.

VEDTAK:

Samarbeidsrådet bed om at administrasjonen legg fram ei sak til neste AU for drøfting og evt. sak til Samarbeidsrådet.

e) Prosjekt Miljøsertifisering av kommunane i Sunnhordland

I veke 4, 2021, skal 4 kommunar gjennomføre sertifisering. Det er forseinkingar med arbeidet i 3 kommunar og det vart i møte bedt om at arbeidet med desse kommunane skal takast opp direkte med dei det gjeld. Dersom forseinkinga med desse kommunane føre til meirkostnad og endringar i budsjett blir saka teke opp att ved evt. seinare høve.

f) Samarbeidsrådet 40 år

8. januar 2021 fyller Samarbeidsrådet for Sunnhordland 40 år. Det vil i løpet av 2021 blir ei markering av jubileet.

g) Studietur

Styreleiar fremma at studietur bør gjennomførast tidleg i valperioden og at kommande studietur bør gjennomførast så snart det er mogleg med tanke på Covid-19. Innspel til tema sendes administrasjonen.

Arne Christian Mohn, ordførar i Haugesund ynskjer felles studietur som tema på fellesmøte med Haugaland Vekst.